



Torvmyr på Jæren 1912. Fotograf A. B. Wilse. * Norsk Folkemuseum.

OM MITTINGMOLD OG TORVSKURD

EINAR K. TIME

I eit par tusen år har torv vore energikjelda til matlaging og oppvarming av hus på Jæren. Det var først etter 2. verdskriga at elektrisiteten og andre energikjelder for alvor overtok i heimane her. Mindre kjent er det kanskje at i det gamle jærjordbruket vart også torv nytta som gjødsel og jordforbetring ved at dei blanda torv i "mittinga". Ennå er det eit par stader på Jæren kor dei spar torv. Og det synest som dette emnet fascinerer både eldre og yngre. Dette året har ein t.d. hatt to "torvutstillingar" på Jæren - i Randaberghallen v/Randaberg bygdemuseum og på Hå gamle prestegard. På Hå fekk ein og demonstrert at torv også kan nyttast på nye måtar - som materiale for skulpturar. Ein må likevel vera bortimot 70 år eller eldre for å kunna skildra "torvvinnå" sjølvopplevd. Ein av dei er tidlegare fylkeslandbruksjef Einar K. Time som fortel om korleis han opplevde dette arbeidet i heimbygda Time.

Ordet *torv* er eit eldgammalt indoeuropeisk ord som har omlag samme skrivemåten i ei rekke språk:

| | |
|---------------------|------|
| Gammelnorsk | torf |
| Dansk | tørf |
| Angelsaksisk | turf |
| Gammal høgtysk | zurf |
| Engelsk | turf |
| Tysk | torf |

Naturproduktet torv har frå utgammal tid vore eit vilkår for å kunna overleva i eit rått og kjøleg atlantisk klima. Det har gjennom tidene vore nytta til brensel, byggjemateriale, jordforbetring m.m. I dag er dei fleste tradisjonelle bruksmåtane uaktuelle.

I eldre norsk litteratur finn me ikkje så mykje om dette temaet. Men det er kjent at ein alt i sagatida brukte torv til oppvarming langs kysten, frå vest om Lindesnes til Finnmark. I Rogaland er det og litt sparsamt med skriftlege kjelder om bruk av torv til brensel. Men nokre skildrar emnet utfyllande. M.a. er

det i "Beskrivelse over Stavanger Amt i Norge", av prost H. Arentz, København 1770, nemnt korleis torvfyringa gjekk for seg i låge røykfylte stover, berre med eit hol i taket som "skorstein".

I denne oversikten skal me først sjå litt nærmere på torv brukt i mittinga og som jordbetringsmiddel.

Mittingmold og eintorv

Ivar Aasen definerer ordet *mitting* som molddunge, jfr. engelsk dung (husdyrgjødsel), dansk dynge (gjødselmasse). På Jæren er mitting det same som gjødseloppsamling utadørs, som på dansk. Noko ord som liknar på mitting i nærskyldne språk har eg ikkje funne. Bruk av torvmold i mittinga er og sparsamt drøft i tilgjengelege eldre kjelder. M. Irgens omtaler i "Jæderen, Forsøg til en Landbrugsbeskrivelse", Kristiania 1872, *mittinga* og hevdaløa, og seier at hevdaløa meir og meir overtok funksjonane til mittinga alt den gongen. Men ein nyttar myr, eller torv som tilsetting i begge tilfelle, i hevdaløa eit 1-2 fot tjukt lag i botnen. Irgens fortel vidare at "Den jord, som anvendes i

Blandingen, opkastes ofte et Aarstid iforveien i Houge, hvorfra den halvtør og noget udluftet hjemføres til Brug". Han nemner ikkje *eintorv*, eller heiatorvskjering. Det gjer derimot H. Arentz i 1770. Han skriv levande om forbetring av jordsmonnet, m.a:

"Den på tørt Land dyrkede Ager, hvor Madjorden er tynd, kunne forbedres, naar alle vilde lære af Agerdyrkningen i Aardahls Sogn, under Hielmelands Praestegård, hvor Grunden er af Naturen saaledes beskaffen, nemlig, at opgrave den øverste Tørv på Heeder, kiore nogen mengde deraf Hiem til Fæstalden om Sommeren, og fra Høsten til Foraaret blande samme blandt Giødningen. Denne Maade er gelinget (har lukkast for) Folk i bemeldte Sogn, som har øvet den i næsten 50 Aar, at deres Kornavling er ikke allene tilstrækkelig for den selv, men de kan og sælge deraf til andre, da de før den Tid havde Mangel".

I gammal tid tok dei såleis *både* myr direkte, helst då avspenn, d.v.s det øvste laget på torvbeen, og eintorv til bruk i mitting og hevdaløe. J. Grude fortel i "Jæderen", 1. Del, Stavanger 1908, at "Skikken, eller Uskikken ophørte i 30-Aarene med Udmarkernes Udkiftning. Da hver Bruger blev Eneeier af sin Mark, vilde han ikke have denne ødelagt på en saadan Maade".

Men denne forma for torvskurd må likevel ha vart lenger enn til 1830-åra, som J. Grude nemner. I alle fall var det relativt "ferske" spor etter slik torvflåing i utmark mange stader, då den store nydyrkingsperioden tok til etter krigen. Men slike "sår" i *utmarksjord* vert svært seint reparerte, og dei *kan* nok og vera eldre enn vurdert etter utsjånaden den gongen.

Ei viktig fylgle av denne forma for gjødsling og jordforbetrинг er i alle fall at matjordlaget i dag på areal nær tunet på mange jærgardar er svært tjukt. Av og til finn ein døme på at moldlaget kan vera over 1 m. Denne praksisen er sikkert eldgammal, og av

praktiske grunnar har ein ikkje kunna frakta denne tunge blandingsmassen langt unna mittinga. Dei gamle jær-tuna var som regel plasserte på høgdedrag og haugar med sjølvdrenert jord, og i dag høyrer slike lokalitetar til våre aller mest verdifulle produksjonsareal. Jordanalysar utførte på slik jord syner gjerne svært høge fosfortal djupt ned i moldlaget.

Torv som brensel

Men det er nok likevel som *brensel* at torv har vore den viktigaste råstoffkjelda for forfedrane våre. Me veit at skogen byrja forsvinna frå Jæren omlag 500 år før vår tidsrekning (overgang bronsealder-jernalder). Fleire faktorar var nok medverkande til dette. Det vart etter kvart råare og kaldare, fangstmannen byrja verta bonde, han fekk betre reiskapar til å fella tre m.m. I alle fall, Jæren vart med tida omforma frå skogsområde til eit heielandskap dominert av lyng. I dette karrige området hadde bonden ingen andre naturlege ressursar for brensel enn torv, og me må tru at dette har vore energikjelda til oppvarming av hus og og matlaging i omlag to tusen år på Jæren.

Det finst mange skriftlege kjelder frå seinare år om praktisk torvskurd. Ein må likevel vera bortimot 70 år, eller eldre, for å kunna skildra denne vinna sjølv-opplevd.

Torvskurden tok som regel til i siste helfta av mai, gjerne omkring den 17. i tidlege vårar. Alle gardar *måtte* ha torv. Det var ein svært viktig ressurs om garden hadde eiga torvmyr. Dei som ikkje disponerte myr sjølve, kjøpte, eller leigde torvbear. Som regel var det berre sjølve torvet som vart kjøpt/leigt, ikkje grunnen, og det var skrivne, og uskrivne reglar for kor mykje torv ein kunne skjera.

På ein vanleg jærgard varte torvskurden gjerne ei lita veke, alt etter avstanden tun-torvmyr, og etter



Torvskjering på Nærbø under 2. verdskrig. Kvinnene reiser torvet.
Foto: Nils Underhaug.

behovet for torv. Reiskapane ein brukte var enkle, men effektive. Torvljåen vart nytta til å rista færene i botnen, og med torvspada stakk ein ca. 7 cm tjukke torver i fær etter fær, og heiv dei oppå kanten. Føreåt måtte ein spenna av grova. Denne toppmassen, avspennet, vart i eldre tid gjerne brukt til mittingmold, men seinare vart han nytta til å jamna ut been, eller ein fylte han uti den gamle grova. Di meir avspenn ein fylte på, til fortare grodde grova til igjen. Grova måtte

ikkje lagast for brei, omlag 1,5 m var lagleg. Heller ikkje måtte ho vera for lang, særleg om myra var djup. Då ville det røyna for hardt på benken ytterst, som skulle stå mot vasspresset. 3-5 m lengde var nokså normalt. Det var litt av ein kunst å skjera djupe grover. For kvar ny botn under vassyta måtte det setjast att ein benk ytterst, og til slutt vart det kanskje berre att nokre få færer om ein kom 6-7 botnar under vassnivået. Somtid kunne ein ta sjansen på å setja att færre benkjer

for å møta vatnet, særleg på seig, godt omlaga myr. Men ikkje så reint sjeldan hende det av benken brast, og han som stod i grova kunne då få problem med å koma seg unna i tide. Det var alltid ein kunst å få spa opp så mykje som råd av dei attståande benkjene. Dersom vatnet kunne byrja fossa inn smått og fint, gjekk det ofte greitt å få med 2–3 slike benkjer. Men då måtte ein jamen vera stø på beina!

Han som skar hadde ein hard jobb med å lempa tunge torver oppå kanten heile dagen. Oftast regel fekk han hjelp til å rista opp færene. Men dette var au eit slitsamt arbeid. På grovkanten hadde som regel ungane på garden, eller leigd hjelp, arbeidet med å få torvet unna, ved bering på torvgreip, kjøring på hjulbare eller på plattning med hest. Denne jobben var stridast i starten då avstanden til leggjeplassen var lengst. Som regel vart heile been fylt med torv.

Etter 2–3 veker, avhengig av torvkvalitet og terre, kunne så torvet reisast. Ein sette då som regel 2–3 torver mot kvarandre, og la ei oppå. Når så torvet hadde turka nok eit par veker i god terre, kunne det røykast. Dette var ein kunst, omlag like stor som å skryva korn. Ein sette først torvene attåt kvarandre i ei sirkelflate på omlag 1 m i diameter. Deretter vart dei lagde ringvis med litt helling utover til dess torvpyramiden vart ikking 1,5 m høg. I midten fylte ein stadig på med molar og mø, eller med heile torver, om torvet var lite sunddelt. På toppen la ein så ei stor torve for å hindra væta i å trengja ned i torvmassen.

Men torvvinna var ikkje ferdig med dette, det skulle og vinterlagrast. Der ein hadde plass heime, i skutar, på låven, eller under særskilte tak, var saka grei. Somme måtte og stekkja torvet heime i mangel på annan lagerplass. Men ofte vart torvet lagra i torvlør i myra. Så kunne ein kjøra det heim vintradag, eller til anna lagleg tid.



Einar Søyland står i grova og hiv opp torvene.
Foto: Toralf Sandø, Jærbladet, 1994.



Einar Søyland lemper torvene opp på kanten (torvbeen). Foto: Toralf Sandø, Jærbladet, 1994.

Heimkjøringa vart normalt gjort i hundredagane, mellom slått og skurd i særskilde grindakjerrer, eller i vanlege stuttkjerrer med høge karmar. For å få med seg mest mogleg torv på lasset, vart det gjerne lødd stu i stu. I alle fall var det viktig at toppen vart sett skikkeleg for å unngå at torv skulle ramla av på skranglete torvvegar.

Korleis var så dette arbeidet med torvskurd og seinare behandling av torvet? I ettertid er det lett å minnast det gilde og hyggelege med denne vinna.

Ingen som har vore med i torvskurden, vil sjølv sagt ha unnvore opplevinga av

- å få gå berrfött for første gong om våren i myra,
- å få kjenna den spesielle angen av nyskore torv,
- å få oppleva vite-, raudstelk- og spojereir berre nokre meter unna,
- og å få delta i dei gilde stundene med matstell i det fri. Ofte vanka det pannekaker og vaflar, ungane fekk saftvatn, dei vaksne ramsterk kaffi.

Det sosiale samværet i myra vil ikkje dagens



Torva skal heim. Kari Sande, Austre Goa i Randaberg, hjelper til med å køyra torvet heim frå Kvidemyr. (Truleg 1948).

jærbuar nokon gong få oppleva, jamvel om det i grunnen er nær historie. Men dette er trass alt dei lyse sidene ved torvskurden, som var eit beinhardt strev for stor og liten. Særleg røynte det på han som stod i grova heile dagen, og på han som rista.

Reisinga var eit stridt arbeid, minnest eg, særleg for ryggen. Heimkjøringa av torvet var i grunnen eit ulidande arbeid. Ein fekk lett trovrom i augo, som mang ein gong kunne verta raude og betente. Men heldigvis er livet slik laga, at det berre er dei trivelege sidene ein først og fremst minnest.

Etter krigen minka det sterkt av med torvskurd på Jæren, og elles i Rogaland av mange grunnar. Me fekk alternative energikjelder til oppvarming og matlaging, først og fremst billegare straum. Dessutan fekk me "Lov av 18. mars 1949 (Lov om vern mot jordøydeleggjing)", som bestemte at det skulle stå att minst:

- | |
|---|
| - 0,50 m torv når undergrunnen var fin sand |
| - 0,75 " " " " " grov " |
| - 1,00 " " " " " grus og stein |
| - 1,50 " " " " " fjell |

Med dette miste mange torvmyrar på Jæren store brenntorvverdiar, då her normalt måtte setjast att minst ein m torv oppå undergrunnen. Ein stor innløysings-periode tok til, samstundes som ein ny nydyrkingsåra vart innleia. Dermed var det i røynda slutt på ein to tusen årig praksis, både på Jæren, og langs heile kysten vår. Det er nok litt vemodig at ein så lang kulturepoke dermed er heilt til endes. Likevel bør me vedgå at denne forma for jordøydeleggning ikkje kunne halda fram lengre.

Enno kan me kvar sommar sjå torvrøyk på Høg-Jæren, i Ualandsmarkene. Dei som ynskjer å få oppleva denne viktige delen av kulturhistoria vår, har framleis høve til dette med å ta ein tur til den vakre Høg-Jæren i juni eller juli.